



Valfunksjonærane er godt nøgde med frammøte på den fyrste valdagen.

**Det var ei jevnt sig av røysteføre kvinnheringar til valurnene i Rosendal i dag. Førhandsrøystinga var slutt på fredag. No er røysteplassen Rosendal samfunnshus, i gymnastikksalen og for Kyrkjevalet i ein garderobe vegg i vegg med Kommune- og fylkestingsvalet. Valfunksjonærane Arve Lunestad og Kjartan Thoresen var godt nøgde med frammøte. Mange la inn røysting kombinert med friluftsliv og tur i skog og mark på denne vakre dagen.**

Uskedalen er representert i valstyre både for Kommune-og fylkestingsvalet og for Kyrkjevalet 2019. Vala kan vera samlokalisert, men ikkje i same rom.

Det er 734 røysteføre til Kyrkjevalet frå Uskedalen. Med førehandsrøysting etter ei gudsteneste og på kyrjekontoret på Valen, er hovudrøystinga i dag og i morgon. Opningstida måndag 9. september er frå kl. 10 til kl. 19, slik det også er for Kommunestyrevalet. Valfunksjonærane i Kyrkjevalet frå Uskedalen er: Sigmund Myklebust, Ove Magne Myhre og Kristian Bringedal

Interessa så langt lovar godt for frammøte til begge vala. Det mange ikkje veit, er at røysterettsalderen til Kyrkjevalet, er 15 år.

Uskedalen.no oppmodar alle, som ikkje alt har røysta, om å ta turen til røystelokale i morgon frå kl. 10. Hugs at røystelokala stengjer presis kl. 19.00.

Teekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Røystelokale i Gymsalen i Rosendal er godt skilta.